



Bygland kommune

Kommunehuset  
4745 BYGLAND

Saksbehandlar, innvalstelefon

Bjørn Loland, 38 17 62 23

## Høyringsfråsegn med motsegn til offentleg ettersyn av områderegulering for Ose bygdesenter i Bygland kommune

Vi syner til brev dagsett 07.04.2022 frå Bygland kommune med vedtak om å leggje forslag til områderegulering for Ose bygdesenter ut til 2. gongs offentleg ettersyn.

**Statsforvaltaren meiner forslaget ikkje er i tråd med nasjonale føringar for konsekvensutgreiing og ivaretaking av strandsona langs vassdrag og fremmer med heimel i plan- og bygningslova § 5-4, motsegn til følgande forhold i planen:**

**Områda BAA1 og BAA2, SAA2, SMS5, SMS6, SMS7.**

**For å løyse innsigelsen må områda konsekvensutgreiast i tråd med krava i KU-forskrifta, alternativt må områda takast ut av planforslaget og vurderast i samband med kommuneplanens arealdel.**

### Bakgrunn

Formålet med planen er å leggje til rette for ny Ose bru, nytt kommunalt reinseanlegg, god trafikal avvikling, også for mjuke trafikantar, og for nærings- og kulturinteresser.

Ose sentrum er ikkje regulert, men er i kommunedelplan for strandsonen avsett til tenesteyting, næringsbygningar, framtidige bustader, framtidig småbåthamn og LNF-føremål. Til store deler av Ose er det knytt omsynssone bevaring kulturmiljø.

Industriområdet på Austadneset er tidlegare regulert i reguleringsplan for Austad, og både kommuneplan og strandsonenplan har vidareført arealdisponeringa i denne planen. I strandsonenplanen vart det teke inn eit nytt bustads-område på Austadneset.

Områderegulering for Ose bygdesenter var ute på offentleg ettersyn første gong i februar-mars 2019. Etter dette har saka vore til behandling i Plan-, miljø- og ressursutvalet fleire gonger. Den



04.02.2020 vart det mellom anna vedteke at nokre arealinnspele frå høyringsperioden skulle takast inn i planforslaget.

### **Innspele frå Statsforvaltaren**

Vi syner til Statsforvaltaren (dåverande Fylkesmannen) innspele i meldingsfasen av 24.01.2017, og vårt fråsegn ved førre offentlege ettersyn av 25.03.2019. Statsforvaltaren var ved førre offentlege ettersyn særskilt oppteke av ny Ose bru.

Statsforvaltaren kan framleis ikkje sjå at planforslaget er tilstrekkeleg detaljert til at vi kan taka stilling til om etablering av ny bru ikkje vil krevje eiga løyve etter Forskrift om fysiske tiltak i vassdrag, og ber om at det innarbeidast i føresegna at dette skal liggje føre før arbeidet med ny bru kan setjast i gong.

#### Nye arealinnspele og krav til konsekvensutgreiing

Det følgjer av Forskrift om konsekvensutredningar (KU-forskrifta) § 6 bokstav a, at områdereguleringar skal ha planprogram og konsekvensutgreiing om dei set fast rammar for tiltak i KU-forskriftas vedlegg I og II.

Ved førre offentlege ettersyn vart det ikkje føreslådd slike tiltak i planforslaget, men ved innarbeiding av områda BAA1, BAA2 og SAA2 vart det lagt til rette for nye store områder med kombinerte føremål bustad/fritidsbustad/næring, og krava til konsekvensutgreiing etter KU-forskrifta § 6 a slår inn.

Samla sett vart områda BAA1 og BAA2 eitt av dei største framtidige utbyggingsområda i Bygland kommune. I den samband vil vi syne til at prosessen med å revidere kommuneplanens arealdel er i gong, og etter Statsforvaltarens vurdering bør slike store arealinnspele - som kan ha potensielt store verknader for miljø og samfunn - vurderast i samband med kommuneplanens arealdel.

Desse områda er ikkje nærmare skildra i planskildringa, men det er lagt inn eit krav om detaljregulering før tiltak kan setjast i gong i planforslagets føresegn § 4.1.10.

Statsforvaltaren kan ikkje sjå at det ligg føre nok beslutningsrelevant informasjon knytt til desse føremåla og fremmer med heimel i pbl. § 5-4 motsegn til områda BAA1, BAA2 og SAA2. Motsegna kan løysast ved å konsekvensutgreie områda i tråd med krava i KU-forskrifta, eller ved at områda takast ut av planforslaget.

#### Nye områder for småbåtanlegg

I det reviderte planforslaget er det taka inn fleire store område med føremål «småbåtanlegg i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsoner». Statsforvaltaren vil minne om at det er knytt store landskaps- og friluftslivsinteresser til strandsona langs Åraksfjorden. Etter Statsforvaltarens vurdering bør etablering av nye store småbåthamner avklarast i samband med revidering av kommuneplanens arealdel, jf. avsnitt over.

For desse områda er det ikkje satt noko vidare krav om detaljregulering. Statsforvaltaren kan ikkje sjå at desse er skildra i planskildringa, eller at det ligg føre noko form for opplysningar eller dokumentasjon knytt til desse.

Statsforvaltaren fremmer difor med heimel i pbl. § 5-4 motsegn til områda SMS5, SMS6 og SMS7. Statsforvaltaren kan ikkje sjå at det ligg føre nok beslutningsrelevant informasjon knytt til desse føremåla. Motsegna kan løysast ved å konsekvensutgreie områda i tråd med krava i KU-forskrifta, eller ved at områda takast ut av planforslaget.



Med helsing

Gina LundGina Lund  
Statsforvaltar  
statsforvalter

Ingunn Løvdal  
Miljøverndirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Norges vassdrags- og energidirektorat  
Statens vegvesen  
Agder fylkeskommune

Postboks 5091, Majorstuen  
Postboks 1010 Nordre Ål  
Postboks 788 Stoa

0301 OSLO  
2605 LILLEHAMMER  
4809 ARENDAL